

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes tidsskriftet@legeforening.no

Offisielt om vond rygg

Lærum E, red.

Nasjonale kliniske retningslinjer for korsryggsmerter

119 s, tab, ill. Oslo: Formi, 2007. Pris NOK 150
ISBN 978-82-303-0865-3



Korsryggsmerter er dagleg kost på legekontora, medfører eit stort volum av bildediagnostikk og tilvisingar, og utgjer store kostnader for helsetesta i form av fysioterapi, kiropraktorbehandling og kirurgi. I tillegg

er ryggplager ei viktig årsak til sjukmelding, attføringstiltak og uførepensjonering. Det er difor ikkje rart at det offisielle Noreg ved Sosial- og helsedirektoratet i spissen forsøker å rettlege helsepersonell til god og kunnskapsbasert praksis på feltet, denne gong ved ei oppdatering av dei tverrfaglege nasjonale retningslinjene for korsryggsmerter. I tillegg er det utarbeidd ein pasientbrosjyre som byggjer på retningslinjene.

I hovudskriftet finn vi ein kortversjon på fire sider som bør distribuerast til dei fleste som behandlar korsryggsmerter i Noreg. Hovudkapitla omhandlar diagnostikk, behandling og tiltak, førebygging og pasientkommunikasjon med ryggpasientar. Det er omfattande vedlegg om metodar, søkestrategiar, spørreskjema og kirurgiske metodar.

Boka på 120 sider er på pent og glansa papir, har moderne layout med behagelege fargar og mykje luft, medan sjølve teksten er gråleg og i litt lita skrift for mine auge og dette formålet.

Det er gjort omfattande greie for prosessen bak resultatet, og nasjonale retningslinjer om eit så omfattande problemkompleks som ryggsmerter må naturleg nok involvere mange interessentar i tillegg til ei kompetent arbeidsgruppe i leiinga. Det er ei imponerende liste av bidragsytarar, samarbeidspartar og medarbeidarar som har gjort sitt for resultatet.

Eg skal halde meg frå å kommentere dei faglege råda som nærare 50 kompetente personar er blitt samde om. Men ryggfeltet er kanskje ikkje prega av så unison semje som ein kan få inntrykk av gjennom lesing

av desse retningslinjene. Verken når det gjeld førebygging, øvingar, bruk av medikament eller kirurgisk tilnærming treng ein gå særleg langt i faglitteratur, brosjyrar eller Internett før ein finn råd som sprikjer. Det er i så måte interessant at ein ekstern rådgjevar trakk seg som følgje av usemje. Kommentara hans er ifølgje teksten lagt ut på nettet, men nettadressa fungerte ikkje da eg prøvde.

Dette er nasjonal status for ryggfeltet per 2008. Boka er nok for dei få og spesielt interesserte, kortversjonen bør nå mange, og pasientbrosjyren bør vere tilgjengeleg hos alle dei som behandlar korsryggsmerter.

Steinar Hunskaar

Seksjon for allmennmedisin
Institut for samfunnsmedisinske fag
Universitetet i Bergen

Brå og uventet død – hva gjør vi?

Bugge RG.

Når krisen rammer barn og unge

157 s. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2008.
Pris NOK 229
ISBN 978-82-7634-634-3



Dette er ment å være ein håndbok for menneske som i kraft av sin posisjon, rolle og stilling møter barn og unge og deres familier og nettverk. Målet er at den skal nå frem til dem som vil få ansvar for å organisere tiltak og

samhandling i en akuttsituasjon og ved oppfølging. Meningen er at den skal være et supplement til fagbøker om barn og sorg og bøker om katastrofepsykologi.

Første del tar utgangspunkt i barns egne opplevelser. Barns og unges møte med brå og uventet død er presentert på en utmerket måte. Kasusbeskrivelsene gjengir barns og ungdoms reaksjoner på tap av nære personer i ulike utviklingsfaser og etter ulike typer hendelser. Traumatiske tap, dvs. situasjoner der nærstående personer uventet dør, ofte under traumatiske omstendigheter, er gjen-

nomgående tema. Dette er viktig kunnskap om barns erfaringer, som både helsepersonell og fagpersoner under utdanning kan ha stor nytte av. Imidlertid er begrepsbruk, overskrifter og inndelinger i kapitler i denne første delen forvirrende og lite presis. For eksempel benyttes krisebegrepet i overskrifter til kapitler og avsnitt som omhandler barns og ungdoms reaksjoner på traumatiske dødsfall. I tillegg ville en tydeligere definisjon av hva som forstås med traumatiske hendelser, akutte stressreaksjoner og post-traumatiske stressreaksjoner vært nyttig.

Bare unntaksvis omhandles situasjoner der ikke nærstående personer til barn og ungdom dør. Overskrifter og teoretiske beskrivelser kunne derfor i større grad vært knyttet til traumatiske tap og de temaene som faktisk beskrives.

Andre del omhandler katastrofer og ulykker og starter med en beskrivelse av hendelser som har rammet barn og ungdom i Norge. I innholdsfortegnelsen er det kommet feil inndeling, men del 2 starter på side 57. Kliniske vignetter gir utfyllende informasjon, mens forskning på området er viet lite oppmerksomhet. Kapittel 6 og 7 beskriver tiltak for barn og unge etter traumatiske tap, både i den akutte fasen og i senere oppfølging. Tiltakene er godt beskrevet og begrunnet og kan på en enkel måte anvendes av fagpersoner ved sykehus, skoler og andre instanser som skal hjelpe barnet gjennom en vanskelig tid.

Siste del er viet en innføring i organisering, lov- og regelverk ved katastrofer og ulykker som kan være nyttig for å forstå ulike etaters ansvar og roller.

Boken har mange spennende og informative kapitler, men kvaliteten er ujevn. Noen svært omdiskuterte temaer, som psykologisk debriefing og annen form for tidlig intervensjon, omhandles lett og uten vitenskapelig begrunnelse. Det mest verdifulle bidraget er gjengivelsen og tolkingen av barns og ungdoms erfaringer – noe som kan komme mange til nytte i en klinisk hverdag.

Grete Dyb

Seksjon barn og ungdom
Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress
Oslo